



Miljøretta helsevern Lindås kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2257 - 17/19695

Saksbehandlar:

Olaf Michal Hella

Olaf.Hella@lindas.kommune.no

Dato:

29.06.2017

## Rapport frå tilsyn etter forskrift om miljøretta helsevern

Viser til tilsendt tilsynsrapport datert 9.2.17. I rapporten var det eit avvik som skulen skal melde tilbake i forhold til. Rektor har gått gjennom avviket og retta dette. Skulen har laga ein omfattande internkontrollrutine som omfattar bestemningar gitt i forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler.

Følgjande observasjonar ligg til grunn for avviket.

### **Internkontrollsystemet skal vere skriftleg i henhold til internkontrollforskrifta § 5.**

Rektor har laga internkontrollsystem skriftleg, som er vedlagt. Denne inneheld rutiner for korleis dei ulike områda skal handsamast, ansvarsfordeling, definisjonar, risikovurdering og handtering av tema som har med både fysisk og psykososialt miljø både for elevar og tilsette. I tillegg til internrutiner vil rektor påpeike at kommunen sine HMT rutiner og avvikssystemet som er tilgjengeleg på kommunen sine intranettsider gjeld over planen som er intern om noko er overlappande.

### **Skolen /rektor kjenner til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler m.v, men bestemmelse er ikkje ivaretatt i internkontrollsystemet**

Dette punktet vert ivaretatt i den nye planen som er utarbeidd. Det er laga sjekklister som lærarane kvitterer på at dei er kjend med rutinene.

### **Skolen har ikkje prosedyrer som omfattar behandling av klager på inneklima for elevar, foresatte og lærere.**

Dette punktet vert ivaretatt i den nye planen som er utarbeidd. Det er laga rutiner for å handtere avvik og kor ein skal melde dei ulike avvika, slik at kravet er stetta.

Det var i tillegg gitt 10 merknadar:

Desse er teke opp med eigeidomsavdelinga, slik at vedlikehald og reinhald har utarbeidd planar for logging og samarbeid med skulen i samband med dagleg reinhald og hovedreingjering. Det er utarbeidd vedlikehaldsplan slik at ein får retta desse over den komande perioden.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Skulenbrukar no aktivt avviksmelding ved manglande reinhald og vedlikehald. Det er vidare laga ein rutine for kontroll av kjøll/ frys som er i internkontrollsystemet.

Med helsing

Olaf Michal Hella  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Internkontroll

**Mottakarar:**

Miljøretta helsevern Lindås  
kommune